



**DET KONGELEGE  
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT**

**Regulering av deltaking i fisket etter lange og  
brosme for fartøy over 28 meter**

**Høringsnotat av 16. november 2010**

**Høringsfrist 18. januar 2011**

## 1. Innleiing

Årlege avgrensingar i høvet til å delta i enkelte fiskeri vert fastsette med verknad for eitt år i gongen, med heimel i § 21 i lov av 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakerloven). Denne føresegna har følgjande ordlyd:

*”Når hensynet til ressursforvaltningen, avviklingen av fisket eller lønnsomheten i fisket gjør det nødvendig, kan Kongen ved forskrift med virkning for inntil ett år av gangen, fastsette bestemmelser om vilkår for adgangen til å delta i et bestemt fiske. Det kan herunder stilles krav om at fartøyeier, fartøyet fører eller hovedsmannen er registrert i fiskermanntallet eller krav om tidligere deltakelse i det aktuelle fisket. Videre kan det stilles krav til faglige og tekniske forutsetninger, herunder fartøy og utstyr, og til eiers og mannskaps behov for å kunne drive fiske. Det kan også fastsettes et største antall fartøy som skal gis adgang til fisket.*

*Bestemmelser fastsatt etter første ledd kan begrenses til bestemte fartøystørrelser, bestemte fiskemetoder, bestemte geografiske områder eller i bestemte tidsrom. For fangst av kongekrabbe kan det også skilles etter hvor fartøyet er registrert.”*

Fiskeri- og kystdepartementet har utarbeidd eit høyringsnotat om ei eventuell avgrensing av deltaking i fisket etter lange og brosme. Forslaget medfører ei lukking av fisket etter desse artane for kystfartøy over 28 meter. Vi viser vidare til pressemelding av 24. juni 2010, der departementet varsla at verken fiske etter lange og brosme etter denne dato, eller økonomiske disposisjonar med sikte på å starte slikt fiske som vart gjort etter denne dato, vil danne grunnlag for å få delta i fisket.

## 2. Fisket etter lange og brosme

Fisket etter lange og brosme er i dag ikkje regulert for fiske i norske farvatn. Det er i praksis fritt fiske for alle merkeregistrerte fartøy. Direktefiske av lange og brosme vert i første rekke drive med garn og line, men lange og brosme vert også tatt som bifangst i fiske med andre reiskapar. Det er i hovudsak gruppa konvensjonelle havfiskefartøy som fiskar lange og brosme av noko omfang, og fisket utgjer ein betydeleg del av denne gruppa sitt driftsgrunnlag. Fisket går i hovudsak føre seg langs kontinentalskråninga (”eggakanten”), men det vert også fiska lange og brosme i dei djupe fjordane. Flåten av konvensjonelle havfiskefartøy fiskar vidare med autoline også i EU-farvatn, Færøyane, Grønland og Island i tillegg til NEAFC-området.

I den siste tiårsperioden har fisket etter brosme, lange og blålange vorte redusert med nær 40 %, jf. tabell 1 under. Reduksjonen er først og fremst eit resultat av redusert fangst av fartøy over 28 meter, medan fangstutviklinga for fartøy under 28 meter har vore klart meir stabil.

Tabell 1: Utvikling i totalt fangstkvantum

År	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Fartøy <28 m	9807	8761	9250	7817	7151	6316	7837	8332	9174	7828
Fartøy >28 m	22276	21543	15401	11865	10894	8243	12373	13501	15467	12008
Totalt	32083	30304	24651	19682	18045	14559	20210	21833	24641	18836

I løpet av tiårsperioden har det i gjennomsnitt vorte fiska 23 000 tonn brosme, lange og blålange kvart år. Direktefiske etter blålange vart forbode i 2009, etter råd frå ICES. Fangstkvantum for dei enkelte artane har variert gjennom perioden, men forholdet mellom dei har vore relativt stabilt, jf. tabell 2 under.

Tabell 2: Fordeling av fisket på dei enkelte artar

År	2000	2009	Snitt i perioden
Brosme	55 %	49 %	51 %
Lange	43 %	49 %	47 %
Blålange	2 %	2 %	2 %

Det totale talet på fartøy som er registrert med fangst av éin av de tre artane vart redusert frå ca 4900 fartøy i 2000 til 3600 fartøy i 2009. Denne reduksjonen i "deltaking", på ca. 1300 fartøy, kjem hovudsakleg av redusert tal på fartøy under 15 meter som kvar for seg har fiska små kvantum.

### 3. Kystfartøy over 28 meter største lengde

Storleiksavgreisinga for kystflåten var fram til 8. februar 2008 slik at fartøya måtte ha ei største lengd på under 28 meter, då lengdegrensa vart erstatta med ei øvre lasteromsavgreising på 300 kubikkmeter. Grensa er seinare endra til 500 kbm.

Overgangen frå lengdeavgreising til avgreising i lasteromsvolum har medført at fleire fartøy som tidligare var ein del av havfiskeflåten, har vorte tatt inn som erstatningsfartøy i kystfisket, då dei har lasteromsvolum under lasteromsgrensa. Fleire av desse fartøya driv no direktefiske etter lange og brosme.

I samband med innføring av lasteromsvolum som storleiksavgreising for fartøy i kystgruppa, uttalte departementet i ei pressemelding 8. januar 2008 at botnfiskeria i andre land sine soner som norske fartøy hadde tilgang til, berre skulle kome konvensjonelle havfiskfartøy til gode. For å ivareta dette vart dei nødvendig endringane

seinare gjennomført i reguleringsforskriftene (regulering av fisket etter bunnfisk i Grønlands fiskerisone og regulering av fisket etter brosme, lange og blålange i Islands økonomiske sone). Dei som skifta ut til fartøy over 28 meter, eventuelt forlenga fartøyet sitt, mista samtidig høvet til å delta i kystflåten sitt fiske etter blåkveite.

#### **4. Behovet for regulering av deltakinga i fisket**

Som vist til ovanfor utgjer fisket etter lange og brosme ein betydeleg del av gruppa konvensjonell havfiskefartøy sitt driftsgrunnlag. Vidare har denne gruppa dei siste åra investert betydelege summar i strukturering for å oppnå betre lønnsemd i fiskeria.

Det er grunn til å tru at struktureringa i havfiskeflåten ikkje berre har medført auka lønnsemd for flåten, men også vore positiv for lange- og brosmebestanden, som ein har gått ut i frå har vore på eit lågt nivå. Nedgangen i talet på fartøy har ført til lågare fangst og mindre press på bestanden. Vi viser i denne samanheng til tabell 1 ovanfor, der det går fram at reduksjonen i fangstkvantum i hovudsak kjem av redusert fangst frå fartøy over 28 meter. Ein kan dermed seie at den konvensjonelle havfiskeflåten i stor grad har medverka til at lange- og brosmebestanden har stabilisert seg.

Departementet meiner at denne fordelene som struktureringa har ført med seg, i hovudsak bør kome gruppa konvensjonelle havfiskefartøy til gode. Med tanke på det struktureringsarbeidet som er nedlagt, har flåten sjølv på mange måtar betalt prisen for å kunne oppretthalde eit lønnsamt fiske etter lange og brosme. Samtidig kan ein auka ekspansjon i deltakinga i fisket svekke grunnlaget for eit lønnsamt fiske.

Vidare ønskjer departementet av omsyn til bestandane å beskytte den positive utviklinga som struktureringa har medført. Trass i mangel på sikre bestandsoverslag, har ein i lang tid vurdert at bestandane har vore på eit lågt nivå. Dei siste råda frå ICES er også at ein bør redusere fangsten av lange og brosme. Departementet meiner det er nødvendig å verne om den stabiliteten i bestandane som struktureringa har medført, og ser derfor behov for å hindre ei kapasitetsoppbygging i flåten og dermed eit auka press på bestandane.

Det er på denne bakgrunn Fiskeri- og kystdepartementet si oppfatning at det er grunnlag for å innføre ei avgrensing av deltakinga i direktefisket etter lange og brosme for kystfartøy over 28 meter.

#### **5. Forslag til regulering av deltakinga i fisket**

##### **5.1 Kva artar som skal vere omfatta**

I samband med vurderinga av avgrensing av fisket, har departementet vurdert spørsmålet om denne også bør omfatte andre artar, som uer, blåkveite og flekksteinbit.

I høve til uer og blåkveite er desse artane allereie underlagt ei viss regulering i forskrift av 22. desember 2004 nr. 1878 om utøvelse av fisket i sjøen, i ulike reguleringsforskrifter og for blåkveite også i deltakerforskriften. Fartøy over 28 meter kan ikkje delta i kystflåten sitt fiske etter blåkveite. Departementet vurderer derfor at det i dag ikkje er behov for ytterlegare reguleringar av desse artane.

Departementet vurderer vidare at det ikkje er grunnlag for å fastsetje avgrensingar i deltaking i fisket etter flekksteinbit i denne omgang.

Når det gjeld fisket etter blålange er det allereie vedtatt eit forbod mot direktefiske, jf. forskrift 7. desember 2009 om regulering av fisket etter blålange.

## **5.2 Kven skal få høve til å delta i lukka gruppe?**

### Konvensjonelle havfiskefartøy

I samsvar med deltakerforskriften kapittel 2, underkapittel I: "Fisket etter torsk, hyse og sei mv. for konvensjonelle havfiskefartøy" § 8 gjeld deltakinga i fisket "...fisket etter torsk, hyse, sei, brosme, lange (hvitlange og blålange), blåkveite, uer og steinbit..". Konvensjonelle havfiskefartøy har såleis allereie høve til å delta i lukka gruppe i fisket etter lange og brosme.

### Kystfartøygruppa

#### *Tidlegare deltaking*

Når det gjeld kystfartøygruppa sitt fiske etter lange og brosme, bør dei som før 24. juni 2010 (jf. pressemeldinga) deltok i direktefiske etter lange og brosme med fartøy over 28 meter, få høve til å delta. Dette vil gjelde fartøy som etter 8. februar 2008 har kome inn i kystfartøygruppa med lasteromsvolum under 300 kbm og største lengde over 28 meter.

I tillegg bør også dei som har investert i fartøy over 28 meter før 24. juni 2010 få delta.

Spørsmålet blir då kven som må ha deltatt tidlegare for at retten til å delta skal vere etablert. Skal aktivitetskravet gjelde person eller fartøy? Problemstillinga gjer seg gjeldande i transaksjonstilfelle.

#### *Eigar må ha oppfylt aktivitetskravet med eige fartøy*

Den mest tenlege løysinga vil vere å stille krav om eit tett band mellom fiskar og det fartøyet han har fiska med. På denne måten sikrar ein at alle som har ei godt grunnlagt forventning om å få delta i lukka gruppe vert omfatta, samtidig som kretsen av personar som får rett til å delta ikkje blir for vid.

Hovudvilkåret for å kunne få delta i lukka gruppe i fisket etter lange og brosme bør dermed vere at *eigaren* må ha oppfylt aktivitetskravet med *eige fartøy*. Der eigaren er éin

fysisk person, vil det vere relativt enkelt å vurdere om aktivitetskravet er oppfylt eller ikkje. Tvilstilfelle oppstår i dei tilfella der eit fartøy har fleire eigarar eller er eigd av eit selskap. Ein må då fastsetje kven som skal reknast som "eigar" og som dermed må ha utøvd tilstrekkeleg aktivitet.

I dei tilfella der eitt eller fleire selskap står oppført som eigar(ar), blir spørsmålet om selskapet i seg sjølv skal ha rett til å delta, eller om retten må gjelde den eller dei fysiske personane som står bak selskapet. Eigar bør då verte definert som éin eller fleire personar som eig til saman meir enn 50 % i fartøyet.

Dersom retten skal følgje fysiske personar, må ein vurdere om ein person som selde seg ut av selskapet etter 8. februar 2008, men før 24. juni 2010, også skal få ein rett til å delta eller ikkje. I selskap der utskifting av majoritetseigarar har vore stor i denne perioden, vil då alle desse få tilgang til å delta. Dette kan medføre at fleire personar kan få rett til å delta som følgje av eitt selskap sin aktivitet.

Ein annan situasjon har vi der selskapet "Båt AS" er eigd 45 % av A, 35 % av B og 20 % av C. Selskapet eig fartøyet "Båt", som med denne eigarstrukturen har vore nytta i direktefisket etter lange og brosme i perioden 8. februar 2008 til 24. juni 2010. Alle aksjonærane fyller kravet om oppføring i fiskarmanntalet. A ønskjer å delta i direktefiske etter lange og brosme med sitt eige fartøy "A-båt", medan B og C ønskjer å delta med fartøyet "BC-båt" som dei to eig ilag med like delar. Det vil vere uaktuelt å la både A og BC få rett til å delta. Bør A som den største aksjonæren får rett til å delta, eller bør ein gi retten til BC som innehar majoriteten i selskapet? Og dersom BC får rett til å delta, og eit par år seinare sel fartøyet "BC-båt", og B og C vil delta med kvart sitt fartøy – kven av dei bør då få delta?

Desse uklare momenta og ønsket om å unngå "knoppskyting" tilseier at ein bør knytte retten til å delta til selskapet. Dersom ein vel selskapsforma, vil det ikkje spele noka rolle om eigarsamansetninga i selskapet har endra seg eller ikkje, så lenge 50 % av eigarinteressene fyller krava til manntalsføring.

Det kan likevel oppstå ein vanskeleg situasjon dersom selskapet vert oppløyst etter at aktivitetskravet er oppfylt. Skal ein då seie at den eigaren som oppfylte aktivitetskravet (dvs selskapet) ikkje lenger eksisterer, og konsekvensen av det er at ingen kan utleie rett til å delta frå den aktuelle aktiviteten? Eller skal ein la den største eigaren, evt. ein fleirtalskonstellasjon i det oppløyte selskapet få delta på grunnlag av selskapet sin aktivitet?

På bakgrunn av det som kjem fram ovanfor er det klart at den som vil delta på bakgrunn av eit oppløyst selskap sin aktivitet, berre kan få rett til dette etter søknad, der realitetane kring den tidlegare eigarskapen vert vurderte. Skal nokon få rett til å delta på grunnlag av den juridiske personen sin aktivitet, bør eit fleirtal av den tidlegare eigarskapen stå bak søknaden.

Følgjande vurderingar kan gjerast ved slike søknader:

Den aksjonæren som eigde minst 50 % av selskapet, får rett til å delta. Var selskapet eigd av to like store aksjonærar, får begge rett til å delta. Dette vil medføre ”knoppskyting”, noko vi kanskje må akseptere her, i mangel av betre alternativ.

Dersom selskapet var eigd av fleire aksjonærar, der ingen eigde 50 % eller meir (til dømes tre eigarar som eigde like delar), blir det problematisk å finne éin person som skal få rett til å delta. Effektivitetsomsyn tilseier at den personen som kan legge fram samtykkeerklæring frå eigarar som til saman eigde meir enn 50 % av selskapet bør få rett til å delta. Det må her vere eit vilkår at vedkomande søkar hadde eigarinteresser ved oppløysinga, og desse vil då inngå i vurderinga av om fleirtalskravet er oppfylt.

Ved å velje ein slik ”samtykkemodell” sikrar ein at berre éin rett vert utleia frå eitt deltakande selskap, samtidig som ein sikrar dei tidlegare eigarane ein viss avtalefridom når det gjeld kven som skal delta vidare.

Fiskeri- og kystdepartementet går på denne bakgrunn inn for at den juridiske person som eigde fartøyet som har vore nytta i direktefiske etter lange og brosme før 24. juni 2010, også vert rekna som eigar i høve til vilkår for deltaking. Det er likevel eit vilkår for deltaking at eit fleirtal av eigarinteressene fyller forskrifta sitt krav til manntalsføring. For dei juridiske personane som har opphøyr å eksistere, kan person (også juridisk person) som har hatt eigarinteresser, etter søknad få rett til å delta. Eit vilkår for å få innvilga ein slik søknad, er at søkar kan dokumentere at ein majoritet av dei tidlegare eigarinteressene i den juridiske personen støtter søknaden, og dermed avstår frå å sjølv ville utleie rett til å delta.

#### *Investeringar og disposisjonar med sikte på framtidig deltaking*

Aktørar som tidlegare har fiska lange og brosme med eige fartøy, og som det siste året før 24. juni 2010 gjorde investeringar og disposisjonar med tanke på kjøp av kystfartøy over 28 meter, kan etter dette kome i ein slik situasjon at dei ikkje har eigd fartøyet i ein slik periode at fartøyet kan kome inn i fisket basert på kriteriet om tidlegare deltaking, jf. ovanfor. Departementet meiner at desse aktørane likevel bør kunne få delta i lukka gruppe. I tillegg til at vedkomande tidlegare må ha fiska lange eller brosme med eige fartøy, må vilkåret då vere at han har fått ervervsløyve for fartøyet 1. juni 2009 eller seinare på grunnlag av søknad innsendt seinast 24. juni 2010, eller at han har inngått bindande avtale om kjøp av fartøyet mellom 1. juli 2009 og 24. juni 2010.

I Fiskeri- og kystdepartementet si pressemelding av 24. juni 2010 vart det opplyst at ein ville vurdere å innføre avgrensingar av deltakinga i fisket etter lange og brosme. Det vart her varsla at økonomiske disposisjonar med sikte på å starte slikt fiske som vart sett i verk eller gjort bindande etter denne dato ikkje ville gi grunnlag for deltaking. Aktørar som etter denne datoen har valt å inngå avtale om kjøp av fartøy for framtidig deltaking i direktefiske etter lange og brosme, har såleis tatt ein bevisst risiko ved at dei

har satsa på at dei likevel får delta dersom fisket vert lukka. Dersom det ikkje går slik som desse har håpa, må dei sjølv bere risikoen for dette. Kontraktar inngått etter 24. juni 2010 bør såleis ikkje gi grunnlag for deltaking i lukka gruppe.

## 6. Forslag til endringar i deltakerforskriften

Dei naudsynte føreskriftene vil verte innarbeidd i forskrift om adgangen til å delta i kystfartøygruppens fiske for 2011 (deltakerforskriften), med heimel i lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til fiske og fangst (deltakerloven) § 21, jf. delegeringsvedtak 11. februar 2000 nr. 99. Departementet gjer framlegg om følgjande føresegner (paragrafnummereringa syner til gjeldande forskrift for 2010):

§ 1 bokstav n. (ny) skal lyde:

*n. fisket etter lange og brosme for fartøy som har mindre enn 500 m<sup>3</sup> lasteromsvolum.*

### Kapittel 2. Deltakerbegrensede fiskerier

*XIV Fisket etter lange og brosme for fartøy som har mindre enn 500 m<sup>3</sup> lasteromsvolum (nytt) skal lyde:*

*§ 38 (vilkår for å delta i lukket gruppe)*

*For å delta i lukket gruppe i kystfartøygruppens fiske etter lange og brosme må følgjande vilkår være oppfylt:*

- a. fartøyet må være registrert i merkeregisteret og ha en største lengde på eller over 28 meter,*
- b. eier av fartøyet og høvedsmann må være ført på blad B i fiskermanntallet,*
- c. fartøyet må være egnet, bemannet og utstyrt for å fiske etter lange og brosme,*
- d. fartøyet har ikke deltakeradgang i fisket etter torsk, hyse, sei mv. for konvensjonelle havfiskefartøy.*

*I tillegg til vilkårene i første ledd må ett av følgjande vilkår være oppfylt:*

- a. eier av fartøyet må ha deltatt med fartøyet og fisket og levert lange eller brosme i perioden mellom 8. februar 2008 og 24. juni 2010,*
- b. eier av fartøyet har fått innvilget ervervstillatelse 1. juli 2009 eller senere for dette fartøyet på grunnlag av søknad innsendt senest 24. juni 2010, eller har inngått bindende avtale om kjøp av fartøyet mellom 1. januar 2009 og 24. juni 2010, og tidligere har fisket lange eller brosme med eget fartøy.*

*Kravet til tidligere deltakelse i § 4 første ledd gjelder ikke for deltakelse i lukket gruppe i kystfartøygruppens fiske etter lange og brosme.*



*§ 39 (vilkår for å delta i åpen gruppe)*

*For å delta i åpen gruppe i kystgruppens fiske etter lange og brosme må følgende vilkår være oppfylt:*

- a. fartøyet må være registrert i merkeregisteret og ha en største lengde under 28 meter,*
- b. eier av fartøyet og høvedsmann må være ført i fiskermanntallet,*
- c. fartøyet må være egnet, bemannet og utstyrt for å drive fiske etter lange og brosme.*